

Møtereferat

Dato: 19.05.2014

Til stades:	Margot Bertheussen, leiar Kåre Ystanes, nestleiar Ingeborg Borgen Takle, rådgjevar		
Forfall:			
Emne:	Referat FYEL-AU - 160514	Sak:	2014/557-29
Møtetid:	10:00-12:50	Møtestad:	Fylkesutvalssalen, fylkeshuset

Møteleiar: Margot Bertheussen

Referent: Ingeborg Borgen Takle

Det vart vedteken at AU-møter skal byrje kl 10:15, da det passar betre med kollektivtransport.

Sak 17/14 Landskonferansen i Drammane 20.-22. mai 2014

Landskonferansen vert i år heldt i Drammen 20.-21. mai 2014 og heile rådet, med unntak av Jette Lunemann Hansen deltek.

AVGJERD

Eventuelt samarbeid med Sogn og Fjordane og Rogaland under konferansen vert avklara under konferansen. Programmet er bra og AU ser fram i mot å delta på konferansen. Evaluering av landskonferansen vert ein sak på neste møte.

Sak 18/14 Evaluering Island

Det faglege innhaldet på turen var veldig bra og som ein heilheit var det ein særslig givande tur.

AVGJERD

Evaluering av studietur til Island vert lagt som sak på neste rådsmøte.

Sak 19/14 Senterstrukturplanen til høyring

Høyring av senterstrukturplanen, som seier noko om kva sentre Hordaland skal ha og kva som skal finnast i dei sentra, er ein sak på fylkesutvalet 20. mai 2014, der det vert foreslått at planen vert sendt på høyring frå 1. juni til 22. august 2014. Med ein slik framdriftsplan vil ikkje fylkeseldrerådet ha eit møte før fristen går ut.

AVGJERD

Senterstrukturplanen vert ein sak på neste rådsmøte, og forslag til avgjerd i saka er at AU får fullmakt til å skrive ein uttale innan fristen. Planen vert sendt ut til rådsmedlemene i papir så snart som mogleg når den er klar. Alle rådsmedlemmar vert oppmana til å kome med innspel til ein uttale på rådsmøtet 18. juni 2014.

Sak 20/14 Mandat for fylkeseldrerådet

Av ulike grunnar vert ikkje mandatet lagt fram for fylkestinget i juni som tidlegare førespeglia. Birte Markeseth Aasen, som har vore ansvarleg for saka, har bedt om å få kome inn til rådet i juni-møtet for å orientere om saka og framdrifta.

AVGJERD

Mandat for fylkeseldrerådet vert lagt fram som sak på neste rådsmøte, og Birte Markeseth Aasen vert bedt om å kome med ein orientering. AU ønskjer å leggje til eit punkt om økonomi i mandatet, som ikkje er nemnt.

Sak 21/14 Tema eldrerådskonferansen 2014

AU har fått fullmakt til å finne aktuelle innleiarar til konferansen som vert heldt 7.-8. oktober.

AVGJERD

AU har bedt administrasjonen om å gjere følgjande:

- Sende ein førespurnad til fylkesmannen om Christer Bakke Frantzen kan delta på konferansen og ha eit innlegg om samhandlingsreforma og status for denne i Hordaland.
- Språk i helse og omsorg: Sende ein førespurnad til fylkeslegen om kva krav som vert stilt og kva oppfølging som vert gjort på dette området. Spørje etter undersøkingar som har vore gjort.
- Verdighet: Kontakte Stein Husebø, Røde kors sjukeheim.
- Universell utforming: Kontakte Husbanken om deira samarbeid med NAV.

Margot og Kåre vil sjølv ta kontakt med Statens seniorråd under konferansen i Drammen og høyre om leiar kan kome til konferansen og gje ein orientering om deira arbeid.

Tema eldrerådskonferansen 2014 vert lagt fram som ein sak til neste rådsmøte.

Sak 22/14 Kultur for eldre

På Island fekk råda ein oppmaning om å ta føre seg konseptet kultur og helse, og i 2014 har fylkeskommunen fått ansvaret for midlane til den kulturelle spaserstokken. Inntrykket til AU er at få kommunar brukar tilbodet den kulturelle spaserstokken. I samband med det ønskjer AU ein orientering frå kultursjef Anna-Elisa Tryti om kultur for eldre.

AVGJERD

Kultursjef Anna-Elisa Tryti vert invitert til rådsmøtet 18. juni 2014 for å orientere om kultur for eldre.

Kultur for eldre vert lagt fram som ein sak på neste rådsmøte, og forslag til avgjerd vert at fylkeseldrerådet sendar eit brev til alle kommunane for å oppmane dei til å bruke moglegheita som ligg i tilbodet den kulturelle spaserstokken.

Sak 23/14 Busstopp på Ulset – eldrerådet i Bergen

Denne saka var oppe på førre rådsmøte og rådet fekk ein orientering frå Nils E. Grude, samferdselsavdelinga. Administrasjonen sendte eit brev med orientering om møtet til eldrerådet i Bergen, som vedteke, og samferdselsavdelinga skulle sende eit eige brev.

AVGJERD

AU ber administrasjonen om å følgje opp brevet som vart lova frå samferdselsavdelinga.

Busstopp på Ulset – eldrerådet i Bergen vert lagt fram som ein referatsak på neste rådsmøte.

Sak 24/14 Sakar til neste rådsmøte – 18. juni 2014

Forslag til sakar til neste rådsmøte 18. juni 2014:

Orienteringar:

- Budsjettamar til neste år – økonomisjef Johnny Stiansen

Politiske sakar:

- Betaling av enkeltrom – Island

Referatsakar:

- Oversikt over større sakar til politisk behandling våren 2014
- Oversikt økonomi – fylkeseldrerådet
- Brev til eldrerådet i Bergen
- Referat frå studietur til Island

AVGJERD

Følgjande sakar vert lagt fram på neste rådsmøte 18. juni 2014:

Orienteringar:

- Budsjettamar til neste år – økonomisjef Johnny Stiansen
- Kultur for eldre – kultursjef Anna-Elisa Tryti
- Mandat for fylkeseldrerådet – seksjonsleiar Birte Markeseth Aasen, administrasjonsseksjonen

Politiske sakar:

- Betaling av enkeltrom – Island
- Senterstrukturplanen til høyring
- Mandat fylkeseldrerådet
- Evaluering av studiereise til Island
- Tema Eldrerådkonferansen

Referatsakar:

- Oversikt over større sakar til politisk behandling våren 2014
- Oversikt økonomi – fylkeseldrerådet
- Brev til eldrerådet i Bergen
- Referat frå studietur til Island